



Jnr. 1049.18
GJG/rr

Kommunal og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

HØYRINGSUTTALE – «REGIONREFORMA – DESENTRALISERING AV OPPGÅVER FRÅ STATEN TIL FYLKESKOMMUNANE»

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har hatt rapporten frå Ekspertutvalet om Regionreforma, Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunen til drøfting, og har følgande kommentarar og innspel:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har ingen merknader til overføring av oppgåver til fylkeskommunen innan delområda samferdsel, næring, kompetanse og integrering, kultur og kulturminnevern, helse og levekår eller klima, miljø og naturressursar. Ein føresetnad er at det må sikrast tilstrekkelege økonomiske og faglege ressursar til å løyse oppgåvene.

Samarbeidsrådet stiller likevel spørsmål om dei oppgåvene som no vert overført er tilstrekkelege til å sikra gode og føreseielege oppgåvedelingar mellom stat og fylkeskommune på regionnivået.

Barnevern

Prinsippet bak kommune- og regionreforma er større desentralisering av oppgåver og mynde. Framlegget frå utvalet om å greia ut flytting av den kommunale barneverntenesta frå kommunane til fylkeskommunane er ikkje i tråd med dette prinsippet, og Samarbeidsrådet for Sunnhordland rår difor frå å gå vidare med dette.

Planarbeid

Kommunane i regionen har gjennom Samarbeidsrådet gjort sine erfaringar med gjennomføring av regionale planar, og meiner med bakgrunn i dette at fylkesplan ikkje må verta juridisk bindande. I den grad fylkeskommunen skal kunna gjera bindande arealdisponeringar gjennom plan, utover det som følgjer dagens lov, må det skje gjennom kommuneplan-systemet. I dei tilfella dette vert gjort må det leggjast avgjerande vekt på kommunalt partnerskap.

Samarbeidsrådet er likevel positiv til at fylkeskommunen gjennom regional plan kan medverka til å løysa utfordringar over kommunegrensene.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at fylkeskommunen skal eiga sine regionale planar og såleis også vera det organet som har rett til å fremja motsegn etter regional plan. Fylkesmannen har moglegheit til å fremja motsegn ut frå sitt ansvar, men bør ikkje lenger ha høve til å fremja motsegn med direkte forankring i regional plan. Samarbeidsrådet ber regjeringa om å gjera ei

særskilt vurdering av dagens praksis med at fylkeskommunen fremjar motsegn på vegne av Riksantikvaren.

Mekling

Fylkesmannen sitt meklingsansvar ved motsegn bør verta overført til fylkeskommunen.

Nasjonale kulturinstitusjonar

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner det kan vera positivt at større del av kulturtilboda blir knytt til fylkeskommunane og at dei mellom anna får eit definert ansvar for museumsverksemda. Nasjonale kulturinstitusjonar bør framleis vera finansiert av staten. I Hordaland gjeld dette særskilt Den Nationale Scene og Bergen Filharmoniske Orkester.

Sunnhordland, 8. mai 2018

Wenche Tislevoll
styreleiar

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift